

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Klausen	FE-144, FE-49	22/494

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2022	Arbeidsmiljøutvalet	PS	24.05.2022
011/2022	Administrasjonsutvalet	PS	31.05.2022
071/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022

Revisjon av Lønspolitisk plan

Vedlegg:

Journalposttittel

Revisjon lønspolitisk+plan 2022

Dato

19.05.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune vart vedteken 29.05.2018. Rådmannen har sett behov for å gjennomgå og revidere denne for å oppnå overordna mål med lønspolitikken i Masfjorden kommune.

Fakta

Ei gruppe sett saman av representantar frå administrasjonen og hovduttillitsvalde har gått gjennom planen og kome med framlegg til endringar. Desse har vore involvert i arbeidet: Sveinung Toft, assisterande rådmann, Oddvin Neset, helse- og omsorgsleiar, Erik Klausen, personalrådgjevar, Britt Inger Myhr, HTV Fagforbundet og Ørjan Valestrand, HTV Utdanningsforbundet. Sluttproduktet er gjennomgått i møte med alle hovduttillitsvalde i kommunen.

Vurdering

I vedlagt plan er føreslåtte endringar markert med gult.

Dei viktigaste endringane er desse:

- § 4.1 Fastsetting av løn - Prinsipp: Plassering i stillingskapittel 3.4.3 – Dette punktet er lagt til for at planen skal samsvare med nye bestemmingar i hovudtariffavtalen. Leiarar med eit delegert budsjett-, økonomi eller personalansvar vert fastsett etter forhandlingar lokalt
- § 4.1 Fastsetting av løn - Prinsipp: Plassering i stillingskapittel 5 – Punktet er lagt til for å tilpasse lokal lønsstruktur til hovudtariffavtalen. Hovudregel om at stillingskapittel 5 gjeld tilsette med høgare akademisk utdanning
- § 5 Løn for kompetanse og funksjonar: Presisering av at satsane for løn ved kompetanseauke vert justert i samband med lokale forhandlingar
- § 5 Løn for kompetanse og funksjonar: Definisjon av at omgrepet funksjonar gjeld arbeidsoppgåver som ikkje nødvendigvis ligg til stillinga. Presisering av at funksjonstillegg fell vekk når den tilsette ikkje lenger har funksjonen

Konklusjon

Det vert tilrådd at framlegg til Lønspolitisk plan vert vedteken slik den ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet - 017/2022

AM - behandling:

AM - vedtak:

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet - 011/2022

AU - behandling:

Ørjan Valestrand (Utdanningsforbundet) sette fram følgjande framlegg til endring av pkt Løn ved kompetanseauke, 2 avsnitt:

eit kvart års vidareutdanning / 15 studiepoeng - kr 7 500,-

eit halvt års vidareutdanning / 30 studiepoeng - kr 15 000,-

eit års vidareutdanning / 60 studiepoeng - kr 30 000,-

Dersom tilsette byggjer vidare på utdanninga og som eit resultat av dette får ny stillingskode som utløyser høgare løn fell kompetanseauken bort.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sa at kompetanseplanen var planlagt lagt fram politisk i september og at framlegget frå Utdanningsforbundet bør vere ein del av diskusjonen rundt denne planen. Administrasjonsutvalet slutta seg samla til dette og Utdanningsforbundet trekte sitt framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart samrøystes tilrådd til formannskapet

AU - vedtak:

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

Formannskapet - 071/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.